

Saksframlegg

Kvinnherad kommune

Saksmappe **Saksbehandlar**

2022/1506- Anne Lise Næs
72

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
2023/7	Plan teknikk og miljøutvalet	24.01.2023
2023/13	Kommunestyret	23.02.2023

Klagebehandling - Detaljregulering for Heradstun omsorg- og bustadsenter, 83/32 m. fl. PlanID 20190011

Innstilling frå kommunedirektøren:

Kvinnherad forvaltningsutval tek ikkje klagen til følgje og opprettheld sitt vedtak av 27.10.2022 som følgjer:

Kvinnherad kommunestyre godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, forslag til detaljregulering for Heradstun omsorg- og bustadsenter, 83/32 m. fl. PlanID 20190011.

Plankart og føresegner er datert 03.10.2022, og planomtale er datert 04.10.2022.

Gjeldande reguleringsplan for Vangshaugane, planID 19910001, vert samstundes oppheva.

Vedtaket vert gjort på følgjande vilkår:

Støytiltak skal løysast ilag med brukarane og til beste for brukarane.

Administrasjonen får delegert mynde til å gjere mindre tekniske justeringar på plandokumenta etter vedtak.

Rettsshavarar og naboar skal underrettast i samsvar med reglane, og planen skal kunngjerast i lokalpressa og i kommunen sine elektroniske medium.

Grunnlaget for kommunal eigengodkjenning er til stades.

Plan teknikk og miljøutvalet si behandling i møte den 24.01.2023:

BEHANDLING:

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedteken.

INNSTILLING FRÅ PLAN, TEKNIKK OG MILJØUTVALET:

Kvinnherad kommunestyre tek ikkje klagen til følgje og opprettheld kommunestyret sitt vedtak av 27.10.2022 som følger:

Kvinnherad kommunestyre godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, forslag til detaljregulering for Heradstun omsorg- og bustadsenter, 83/32 m. fl. PlanID 20190011.

Plankart og føresegner er datert 03.10.2022, og planomtale er datert 04.10.2022.

Gjeldande reguleringsplan for Vangshaugane, planID 19910001, vert samstundes oppheva.

Vedtaket vert gjort på følgjande vilkår:

Støytiltak skal løysast ilag med brukarane og til beste for brukarane.

Administrasjonen får delegert mynde til å gjere mindre tekniske justeringar på plandokumenta etter vedtak.

Rettskavarar og naboar skal underrettast i samsvar med reglane, og planen skal kunngjerast i lokalpressa og i kommunen sine elektroniske medium.

Grunnlaget for kommunal eigengodkjenning er til stades.

Kommunestyret si behandling i møte den 23.02.2023:

BEHANDLING:

PTM-utvalet si innstilling vart samrøystes vedteken.

VEDTAK:

Kvinnherad kommunestyre tek ikkje klagen til følgje og opprettheld kommunestyret sitt vedtak av 27.10.2022 som følger:

Kvinnherad kommunestyre godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, forslag til detaljregulering for Heradstun omsorg- og bustadsenter, 83/32 m. fl. PlanID 20190011.

Plankart og føresegner er datert 03.10.2022, og planomtale er datert 04.10.2022.

Gjeldande reguleringsplan for Vangshaugane, planID 19910001, vert samstundes oppheva.

Vedtaket vert gjort på følgjande vilkår:

Støytiltak skal løysast ilag med brukarane og til beste for brukarane.

Administrasjonen får delegert mynde til å gjere mindre tekniske justeringar på plandokumenta etter vedtak.

Rettskavarar og naboar skal underrettast i samsvar med reglane, og planen skal kunngjerast i lokalpressa og i kommunen sine elektroniske medium.

Grunnlaget for kommunal eigengodkjenning er til stades.

Saksutgreiing:

Klagar: Harald Bratseth

KLAGEBEHANDLING, Kommunestyret 16.02.2023

Klagefrist: Klagen kom innan fristen

Uttale til klagen: Klagar har vore sendt på uttale til forslagsstillar/prosjektavdelinga i Kommunen. Det er ikkje kome uttale.

Samandrag av klagen m/kommentarar frå administrasjonen

1. Harald Bratseth klagar på vedtaket og meiner den opphavlege utforminga av krysset mellom Kyrkjevegen og Baronivegen skal vidareførast som gjeldande. Harald peikar på at både Statens vegvesen og fylkeskommunen oppfordrar om at utbetring av krysset vert vurdert i samband med områdereguleringa for Rosendal tettstad. Dette fordi omtala kryss ikkje var innanfor ramma for Heradstun i høyringsprosessen.

Kommentar frå administrasjonen:

Administrasjonen vurderte i planprosessen at det var viktig at Heradstun-planen og områdereguleringa for Rosendal skulle samsvare godt med kvarandre. Ein vurderte dessutan at sidan det hasta med å få på plass omsorgsbustadar på Heradstun, så ville denne planen truleg verta ferdigstilt før områdereguleringa for Rosendal. Ein valde difor å kunngjere og varsle om ei utvida plangrense for nettopp å kunne ivareta areal for utbetring av krysset allereie no. Administrasjonen såg det som lite hensiktsmessig å planlegge Heradstun utan å ta med den nødvendige utbetringa av kryss samtidig.

Når plangrensa så vart utvida, så var dermed krysset og muligheit for å regulere for ombygging av dette, no innanfor ramma for Heradstun-planen.

2. Klagar meiner kommunen på eige initiativ har endra vegtraseen utan at sektormynde har bed om dette.

Kommentar:

Administrasjonen påpeikar at både Statens vegvesen og Fylkeskommunen som vegeigar har bede om at kommunen regulerer for å utbetre krysset mellom Kyrkjevegen og Baronivegen. Dette då krysset ikkje har tilfredsstillande utforming.

Administrasjonen er elles oppteken av å arbeide for å vere ein trafikksikker kommune med den statusen det har. Det er tidvis stor trafikk av mjuke trafikantar langs Baronivegen, og krysset er ikkje trafikksikkert nok for verken køyrande, syklende eller gåande trafikantar.

Områdereguleringa for Rosendal tettstad er så langt som ein er komen, planlagt identisk med utforminga i Heradstun-planen, og ein planlegg ei god samkøyring av desse to planane.

3. Klagar hevdar at vedtaket er ugyldig fordi det går lengre enn det som er nødvendig jf. pbl § 12-5, som avgrensar bruken av arealføremål til det som er av «nødvendig utstrekning».

Kommentar:

Administrasjonen hevdar det er nødvendig å utbetre krysset, og at vedtaket ikkje er ugyldig. Ein har vurdert å sikre arealet i denne planen som først skulle vedtakast, slik at ein sikrar heilskapleg planlegging av sentrum og området ikring.

4. Klagar hevdar at vedtaket er ugyldig fordi at flytting av vegen inneber at planen ikkje tar omsyn til bygningane på eigedom 83/42.

Kommentar frå administrasjonen:

Administrasjonen meiner detaljreguleringa tar omsyn til bygningane i tilstrekkeleg grad, og utfordrar ikkje bygningane på nokon måte. Det er ved krysset regulert inn mur mot eigedom 83/42, nettopp for å ikkje gå lenger inn i eigdommen enn høgst nødvendig, og vedtaket vert vurdert til å ver lovleg og gyldig på alle måtar.

5. Klagar hevdar at kommunen lar omsynet til økonomisk gevinst på eiga tomt gå føre omsynet til tilpassing til tiltaket sine naturlege og bygde omgjevningar. Han meiner kommunen ikkje har godtgjort andre årsaker til at vegen flyttast bort frå kommunen sin eigedom og inn på hans eigedom.

Kommentar:

Administrasjonen viser til plandokumenta, saksutgreiinga og følgjande vurdering: «Planen regulerer for betra trafikktryggleik ved at ein no kan utbetre krysset Kyrkjevegen/Baronivegen, noko som også samsvarar med kommunen sitt arbeid mot ein trafikksikker kommune.

Administrasjonen vurderer at ein ikkje bør føre vegen og krysset lenger mot vest, inn på Heradstun-tomta. I hovudsak fordi vegføringa då vil få ei større kurve og vegen får dårlegare sikt, men det vil også verte vanskeleg å få plassert omsorgsbustadane som hastar å få på plass.»

Administrasjonen vil også påpeike at ein var tydeleg på årsaka til at ein ville utvide planområdet då ein kunngjorde utvida plangrense, sjå vedlagt dokument.

6. Klagar stiller spørsmål til trafikktryggleiken på grunn av plassering av byste av Gaut Jonsson ved vegkrysset, og meiner parkområdet bør flyttast.

Kommentar frå administrasjonen:

Parkområdet er ikkje i konflikt med siktlinjene langs vegen, og administrasjonen vurderer at bysten ikkje blir noko utfordring for trafikktryggleiken.

Vedtaket sendast til:

Statsforvaltaren i Vestland, justis og forvaltningsavdelinga for endeleg avgjerd.

Kopi til:

Partane

Vedlegg:

1. Vedtak av 27.10.2022
2. Plankart
3. Føresegner
4. Klage med vedlegg
5. Varsel av utvida plangrense datert 09.03.2022